



Samferdselsdepartementet

Dato: 22.05.2018
Vår ref.: 2017/15541-12
Saksbehandlar: mattorg
Dykkar ref.:

Omlegging av takst- og rabattsystemet - Konsekvensar for storbrukarar ved høge takstar

Vi viser til den pågåande bompengereforma, jf Prop. 13 S (2017-2018). Overføringa av aksjar frå bompengeselskapa er langt på veg gjennomført, men det har vore utfordringar knytt til samband med høge takstar. Vi er gjort kjend med at Vegdirektoratet har gitt Hardangerbrua AS og Voss bompengeselskap AS utsett frist til 1. juni for føresett dokumentasjon i samband med utbetaling av tilskot for reduserte bompengetakstar for 2017.

Grunnen til utsetjinga er primært at takst- og rabattsystemet får som utilsikta konsekvens at mange storbrukarar i samband med høge takstar, får ei uforholdsmessig stor belastning. Særleg er konsekvensane store ved Hardangerbrua, der takst er kr 150 for takstgruppe 1 utan avtale og 600 kr for takstgruppe 2. I dag kan det blir gitt inntil 50 prosent rabatt ved avtale. Ved t.d. eit passeringstak på 25, vil takst med tilskot kunne bli 138 for takstgruppe 1 og 574 for takstgruppe 2. Dette gjer at storbrukarar med 25 passeringar, vil måtte betale 3450 i månaden for takstgruppe 1 og kr 14.350 for takstgruppe 2. I dag må man ved tilsvarende tal passeringar betale 1875 for takstgruppe 1 og 7.500, altså nær ved ei dobling av bompengebelastinga. Gjennomgangstrafikken får derimot lågare takst, og med dette blir det lokale stortrafikantar som betalar for gjennomgangstrafikken. Dette er eit vanskeleg dilemma, og ikkje i tråd med dei førestnadene som kommunestyra og Hordaland fylkesting gjorde i samband med godkjenning av bompengesøknaden, jf. Innst. S. nr. 93 (2005-2006).

Vi ber difor at departementet vurderer om det mogleg å setje i verk avbøtande tiltak ut over det som ligg i fastsetjing av passeringstak og tilskot som ligg i å redusere takstane.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Matti Torgersen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Ullensvang herad
Eidfjord kommune
Granvin herad
Ulvik herad
Kvam herad

Voss kommune
Bergen kommune